

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Høyringsfråsegn: Søknad om konsesjon for Vigdøla kraftverk, Luster kommune – Statkraft

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 56 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.688. Det konsesjonssøkte vasskraftanlegget ligg i Luster Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.turistforeningen.no/luster/>.

Kort om friluftsliv i det aktuelle området:

Jostedalen, Jostedalsbreen og Breheimen er nasjonalt og internasjonalt viktige friluftsområde. Vigdalen er for friluftsliv, (som det også går fram av Konsesjonsøknaden) eitt av dei aller viktigaste sidedalføra i Jostedalen. Turisthytta Vigdalsstølen er med si historie nærast "eit begrep", og Vigdalen er ein av dei viktige inngangsportane til den nyoppretta Breheimen nasjonalpark. Turlagshyttene til Luster Turlag ved Fivla ligg opp frå Vigdalen. Årleg arrangeres Vigdalsdilten: http://www.google.no/url?sa=t&source=web&cd=1&ved=0CBYQFjAA&url=http%3A%2F%2Fwww.turistforeningen.no%2Fcluster%2Factivity.php%3Fac_id%3D33025&ei=kFIXTrnKFdD2sgaVnsXNCg&usq=AFQjCNE0j5XhwZGhdQZw_6ImnlThMLwBUQ. For Vigdalen landskapsvernområde er vegen frå Jostedalen og oppover langs Vigdøla, sjølve hovudinngangsporten. Sjølv om den nedste delen av Vigdalen ikkje er så viktig for det reint tradisjonelle friluftslivet, så er denne delen av Vigdalen viktig som "inngangsport". Særleg Håvardfossen er dessutan eit viktig landskapselement i inngangsporten til heile Jostedalen oppover. Nasjonalparkkommunen Luster treng å ta vare på inngangsportane til nasjonalparkane og dei andre verneområda sine!

Konklusjon: Vigdalen har nasjonal og internasjonal betydning for friluftsliv! Randsonene og inngangsportane til verneområda og dei viktige friluftsområda er viktige å ta vare på!

Naturen er det viktigste reiselivsproduktet i Norge. Det betyr hårfin balanse mellom bruk og vern. Naturarv-prosjektet i Luster:

<http://www.distriktssenteret.no/lokalt-utviklingsarbeid/naturarv-naturarven-som-verdiskapar-naturarv-og-naturbruk-i-luster> og

<http://www.distriktssenteret.no/informasjonssider/2011/08/naturen-som-verdiskapar>

<http://www.dirnat.no/content/500041366/Naturarv-og-naturbruk-i-Luster>

Det er også eit poeng at i nærområdet til 2 store og viktige nasjonalparkar bør ein vere varsame med enda fleire naturinngrep. Randsonene er også viktige! Som ny nasjonalparkkommune har Luster eit spesielt stort ansvar for å ta vare på naturverdiane sine, og andre aktørar i kommunen, både utbyggerar og vi i Turlaget (og NVE), har eit ansvar for å hjelpe dei med det!



Friluftslivet i Vigdalen:

Vigdalen er og svært mykje nytta av lokalbefolkninga i kommunen, nabokommunar og av grunnskulane i Luster! Vigdalen er truleg blant dei mest nytta turområda i Jostedalen og i Luster, med private hytter, velhaldne stølshus og heile 4 turlagshytter! Det ligg to mindre hytter på sjølve Vigdalsstølen, gamle og restaurerte sel og to større hytter oppe på Fivla. Her er det stor overnattingskapasitet og området vert ofte nytta av skulane i Luster til fjellturar med overnatting. Det meste av friluftslivet knytt til DNT sitt rutenett i Breheimen og hyttene i Vigdalen føregår ovanfor inntaksområdet, medan lokalt friluftsliv med t.d. bading og fiske nyttar områda nedanfor inntaksdammen. Dei estetiske- og naturopplevingane knytt til vassdraget i frå nedst i Jostedalen og opp i Vigdalen er viktige både for reiselivet, dei fastbuande og for friluftslivet.

Biologisk mangfald:

Vi er heilt usamde i konklusjonen i KU om fugl og fossekallen som dei gir liten verdi sidan biotopen ikkje er ein viktig overvintringsplass, men berre viktig som hekkeplass og leveområde i sommarhalvåret. Alle funksjonelle leveområde som inngår i ein arts biotop er viktige og bør få lik verdi av den grunn. Om totalt ni elvar i nedre og midtre deler av Jostedalen vert bortimot turlagde vil det få stor konsekvens som ein sumverknad. Vi meiner dette er i strid med Naturmangfoldlova § 4 Forvaltningsmål for naturtypar og økosystem, § 5 Forvaltningsmål for artar og ivaretaking av deira økologiske funksjonsområde, § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Avbøtande tiltak:

Det må sikrast vassføring som er tilstrekkelig for å oppretthalde eit godt funksjonsområde for fossefall og andre artar, samt at ein set opp rugekasser på rett stad i samarbeid med lokalkjende og ornitolog.

Fisk i Vigdøla:

I søknaden står at tenkt sleppt vassmengde truleg vil vere nok til å halde vesentlege vassområde vassdekt og truleg nok til at elva ikkje botnfrys vintertid. Dette er ikkje godt nok! Det må vere eit vesentleg poeng at ein sikrar livsvilkåra for alle vasslevande organismar og botndyr i elva! Ytterlegare redusert vassføring vil gje reduksjon i fiskebestand og produksjon av bl.a botndyr i Vigdøla. Fråfallet av varmare ferskvatn utan brepåverknad i Jostedøla er svært uheldig og kan få store konsekvensar for sumverknadar av fråfall av ferskvatn med høgare temperatur til Jostedøla. Jostedøla har alt mist ein tredel av vassføringa frå den store utbygginga i dalen på 1980-talet og temperaturtilhøva i elva vart då dårlegare enn berekna. No er marginane for elva si tåleevne for redusert temperatur svært små! Fiskestammane i elva er truleg spesielt tilpassa dei kalde tilhøva i elva og er heilt avhengige av dei varmare områda i elveosane frå sideelvane som tilfører ferskt vatn med høgare temperatur. Fiskeyngel kan her ha forhold som gjer at dei kan ta opp føde! Og det same gjeld for raftingvirksomheita i elva. Dei opererar og heilt i grenseland for kor kaldt vatn dei kan halde aktiviteten i, og utløpet av Vigdøla er svært viktig for å finne ein plass der ein faktisk kan bade / gå i vatnet i elva. Vassføringa frå Vigdøla ut i Jostedøla, slik den er no, er og heilt avgjerande og turvande naudsynt for å kunne rafte vidare ned i Jostedøla, eit strekk som er «Rosinen i pølsa» for raftingaktiviteten.

Konklusjonen er at både fisk, fugl og folk treng vatnet bevart i elva og med utløp til Jostedøla som no! Det kan gjerast avbøtande tiltak for dei estetiske verdiane men ikkje for dei økologiske funksjonsområda! Vi viser til Naturmangfoldlova §1 og § 4 - §9 og § 10 spesielt!

Landskap:

Dei kvite vasstrengene som er visuelt synlege i landskapet i sommarhalvåret gir sterk kontrast til dei andre fargane i landskapsrommet og er svært viktige for inntrykket og opplevinga av naturen. Sjølv



om redusert vassmengd og redusert kvalitet for oppleving ikkje automatisk følgjer kvarandre, er storleiken på vassstrengen avgjerande for opplevinga og for kvaliteten på denne. Håvardfossen og dei andre kvite vassstrengene i Vigdalen og i Jostedalen utgjer nervane i landskapet og fråfall av større vassføring i fleire elvar vil gje redusert opplevingskvalitet!

Dette er uheldig inn i eit dalføre der så mange reisande kjem nettopp for å oppleva det steile og kontrastfylte landskapet frå fjord til fjell og brear.

Avbøtande tiltak:

Tiltakshavar foreslår her at det viktigaste tiltaket som gjennomførast er dei føreslegne tala for minstevassføring. I praksis betyr dette at ein vil utnytte ytterlegare den minstevassføringa som vassdraget no har, som vart bestemt oppretthalden ved utbyggingane på 1980-talet, og redusere den kraftig til nye minimumsmål for minstevassføring. Slik vert det berre att nokre få prosent av den opprinnelege vassføringa i vassdraget, vi viser til lesarinnlegget «Statkraft tek siste dråpen av Vigdøla» lenger ned i fråsegna.

Det vurderast tersklar i eit flatt parti mellom kote 550 og 580 for å auke vassdekt areal, det kan vere eit godt tiltak, samstundes minner vi og om at vassføringa må minimum vere så høg at ein 100 % sikkert unngår botnfrysing av elva!

Avløpet frå Vigdøla bør først attende til Jostedøla så høgt oppe som mulig m.h.p fisk / rafting og vassstemperatur i Jostedøla.

Vasskvalitet og ureining.

Redusert vassføring kan få negative konsekvensar for vassdraget som resipient. Utslepp og forureining til vassdraget får større konsentrasjon ved mindre vassmengd. Til dømes avrenning frå husdyrgjødsel og fosfor verdiane. For Vigdøla ligg dei no i tilstandsklasse Meget god vasskvalitet for kjemiske tilhøve. Mengda fosfor vil truleg ikkje reduserast så lenge landbruksdrifta vert oppretthalde som no, men lågare vasstand i elva kan føre til lågare grunnvasstand og enda raskare utvasking. Ved redusert vassføring og mindre vassmende i elva vil konsentrasjon og tal for P – fosfor auke. Dersom dette gjer at Vigdøla kjem ned i ein lågare kategori som God eller Moderat kjemisk tilhøve, vil tiltaket vere sterkt i strid med det nye vanddirektivet. Ved Husøy i Jostedøla der Vigdøla renn ut er fosfor-tala mykje høgare og ligg no mellom tilstandsklasse Mindre god / Dårleg. Det vil vere svært vanskeleg å betre denne tilstanden i hovudvassdraget dersom ein fører større mengder vatn vekk. Miljømålet for SMVF vert kalla godt økologisk potensial, men i tillegg er det også krav om minst god kjemisk tilstand på linje med naturlege vassførekomstar. Ved ei småkraftutbygging i Vigdøla ville ein kunne sleppe vatnet attende i vassdraget og til Jostedøla og slik unngå forverring av tilstandsklasse.

Vi vil derfor be NVE sjå på om sumverknadane av mindre vassføring kan gje nedklassifisering av tilstandsklasse eller hindre ein forbetring til god tilstandsklasse og om dette vil vere i strid med vanddirektivet!

Lokale planer og Kommunedelplan for små kraftverk i Luster kommune:

Den politiske omplasseringa av Vigdøla frå Raud til Grøn sone (Kommunedelplan for Luster koomune) for den nedste delen av Vigdøla der Vigdøla kraftverk ligg, endrar ikkje på det faktum at utbygginga etter dei faglege vurderingane i planen, (jf side 65) fagleg høyrer heime i Raud konfliktsone.



Frå vår side legg vi klårt størst vekt på kva den faglege vurderinga seier om kva konfliktsone den nedre delen av Vigdøla bør plasserast i. Det er i Raud sone! Vi held derfor fast ved at vi går sterkt mot bygging av Vigdøla kraftverk!

Tidlegare vedtak knytt til Jostedalsutbygginga på 1980-talet:

Under planlegging og i konsesjonen til den store Jostedalsutbygginga frå 1984 – 1990 (vedtatt 29 juni 1984 ved Kongelig resolusjon) vart det tatt ut eit bekkeinntak i Vigdalen for å spare restvassføringa i Vigdøla for vidare utnytting av vassføringa i vassdraget. Det vart då gjort eit vedtak på dette og **vi vil difor be NVE sjekke om ny søknad om konsesjon for Vigdøla er i strid med dei føresetnader som vart gitt ved konsesjon til Jostedalsutbygginga evt ved vern knytt til Breheimen 1993 og tidlegare vedtak gjort i Storting / Regjering i samband med Jostedalsutbygginga og Berg Breheimen!**

Vi er også kjende med at det er stor lokal motstand mot denne utbygginga. Som døme på dette har vi nedanfor kopiert eit lesarinnlegg frå avisa Firda for 22.05.2008, side 17:

”Statkraft tek siste dråpen av Vigdøla

Med dei store klimaproblema som verden står overfor er det viktig å få ned CO₂-utslepp. Vannkraft er i denne samanhengen miljøvennleg energi med 0 utslepp, ein nyttar overskotet naturen kan gi for å lage energien me treng. Men, klimaproblemet blir brukt som argument for å få gjennomslag for små utbyggingar i norsk samanheng, og ingen betydning i global samanheng. Er det kanskje slik at ein har andre motiv for å bygge ut? Motivet vil alltid være av den økonomiske sorten, og so finn me andre argument for å tone dette ned. Då er klimaproblemet lett å bruke, lett å selje. Innerst inne veit me kanskje alle at det er andre ting som må på plass for å løyse det store klimaproblemet.

Vigdøla var før Jostedalsutbygginga på 80-talet ei stor breelv med mykje vassføring gjennom heile sommaren grunna den store andelen bretilsig. Elva var ein ynda fiskeplass og fisken var av særdeles god kvalitet. Utbygginga medførte at breandelen av vassføringa vart lagt i tunnel mot Jostedal Kraftverk og vassføringa gjennom sommaren vart dramatisk redusert. Denne jamne høge vassføringa som var i Vigdøla, vart då redusert til å bli nokre få flaumtoppar i forbindelse med snøsmelting og regnskål. Resterande delar av sommaren er elva som ein bekk å rekne. Samtidig vart den karakteristiske grønfargen på elva vekke og kvaliteten på fisken har gått betydeleg ned.

Når no Statkraft vil bygge ut for andre gang, kan vel det knappast være å nytte overskotet naturen kan gi. Då er absolutt alt vatn frå Skitnamyri til Husøy henta. Håvardsfossen blir endra til ein svakul og ei steinrøys. Turen til Vigdalen, som er mykje brukt som friluftsområde for mange lustringar og mange sogningar blir endra. Turen til Vigdalen starta i Husøy. Berre å køyre vigdalvegen er ein fin opplevelse. Har alle fått med seg at vigdalsvegen vart brukt i ein kjent norsk film med namnet villmark?

Statkraft har lova minstevassføring. Me veit ikkje kor mykje det blir, men dersom den blir i samme størrelseorden som har vore i andre liknande saker kan me bruke 100 liter pr sekund som utgangspunkt. Vassføring på 100 liter pr sekund er så lite, at vatnet kanskje blir vekke under steinar mange plassar. Andre plassar vil det kanskje være tilstrekkeleg til å klare å renne over ein og anna stein. Dersom me tek utgangspunkt i eit nytt tal, at vassføringa ein gitt dag var på 10 m³/s utan utbygging. Det skal tilsvare 10000 liter pr sekund. Då blir minstevassføringa me er lova 1 prosent av Vigdøla. Det betyr igjen at Statkraft hentar overskotet tilsvarende 99 %, og naturen sit igjen med 1 %. Statkraft vil kanskje gjere eit nummer av at dei vil 5-doble dette, høyrst fint ut, men forholdet blir fortsatt 95 prosent og 5 prosent i vårt eksempel.

Luster kommune og Formannskapet har gjort sitt for hjelpe Statkraft i denne saken. Luster Kommune har utarbeida ei liste over vassdrag i kommunen der det er delt inn i 3 ulike konfliktsoner, raud, gul og grøn. Grøn sone betyr ein lettare saksgang i Formannskapet for å vedta utbygging. Vigdøla var på den opprinnelige lista i raud konfliktsone. Formannskapet 10.01.07 saksnr 3/07 flytta Nedre del av Vigdalselvi frå raud til grøn konfliktsone. Åltså, for å halde tunga rett i munnen. Formannskapet gjer eit vedtak slik at Formannskapet igjen på eit seinare tidspunkt har all makt til å vedta eit nytt. Hadde forresten vore svært interessant å vite kva for miljøfagelige argument Formannskapet hadde som var nye i forhold til grunnlaget, der Vigdøla var plassert i raud. Kvifor saken om å flytte kom opp nettopp då veit me heller ikkje.

Det har vore fleire underskriftsaksjonar for å stoppe denne utbygginga. Mange grunneigarar og hytteeigarar i Vigdalen, samnt mange ivrige brukarar av Vigdalen har vore med. Me anser Vigdøla som ferdig utbygd og at minstevassføring er det me har igjen etter førre utbygging. Me går på det sterkaste imot ytterlegare utbygging av Vigdøla.

Alfred Fossøy, Bjarne Fossøy og Malfred Fossøy, Luster”

Lokale tilhøve:



Lokalbefolkninga i Vigdalen er framleis einstemmig sterkt imot ei vidare utbygging av Vigdøla med fråfall av den restvassføringa dei har att etter den første store utbygginga. Deira røster bør takast omsyn til! Jostedalen har mange nok utbyggingar totalt som det er no, Jostedølene og naturen i dalen treng område frie for inngrep og dei ønskjer IKKJE nye inngrep i Vigdalen. Dei føreslegne utbyggingane son no er omsøkt vil vere eit overgrep mot folk og natur ein ikkje er nøydd til å gjera! Viser til artikkel i Sogn Avis:

12 SOGN AVIS • Onsdag 31. august 2011 **nn** Nyhende **nn** Onsdag 31. august 2011 • SOGN AVIS

– Ikkje ta siste rest av elva vår

nn Vigdøla kan verta turrlagd **nn**

Nasjonalfuglen forsvinn **nn** Rennande elv viktig for turisme

http://vestsida-vigdøla.no/wp-content/uploads/SA-2011-08-31_Vigdalen.pdf

Jostedalen er i røynda ein nasjonalparkbygd som har naturen og aktivitetane i den som si viktigaste merkevare. Og den er ei sterk og viktig merkevare for heile regionen. Dette er ein livskraftig bygd i vekst, bygd opp over tid av kreative og dyktige menneske som nett ser moglegheitane i den unike naturen bygda har å by på. Dei profilerer dalen på beste måte og har skapt eit omdøme og miljø som er svært viktig for den tilflyttinga og veksten som er i dalen. Det bør telle svært mykje i deira favør. Dei ønskjer og treng ein del av dalføret i sin naturlege stand så langt det let seg gjera. Dei leverer allereie mykje av sine naturressursar og tenester til storsamfunnet!

(Fleire store magasin, eitt på 250 mill kbm³, 22 bekkeinntak og produksjon lik 877 Gwh i 2003)

Eit avisinnlegg i Sogn Avis beskriv dette vel: «Nok kraftutbygging i Jostedalen no»:

http://vestsida-vigdøla.no/wp-content/uploads/SA-2011-08-31_innlegg.pdf

Av omsyn til dei berørte i dalen, til friluftslivet, til tapet av inngrepsfri natur, til dei negative konsekvensane for biologisk mangfald, fiskestammar og fiskeplassar som allereie har marginale tilhøve, til reiselivsproduktet og merkevara Jostedalen, til nærleiken til nasjonalparkar og landskapsvernområde og til alle oss andre som berre har ei sterk tilknytning til dalføret pga dei mangfaldige naturkvalitetane og folka som bur der, ber vi NVE innstendig om å avslå den omsøkte konsesjonen om vidare utbygging av Vigdøla!

Samandrag av turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane turlag går sterkt imot ein vidare utbygging av Vigdøla, vi synes det er bygd ut nok i Jostedalen med det som alt er utbygd. Vigdøla er og nok utbygd og restvassføringa som no renn i elva bør ikkje ytterlegare reduserast.

Ein vidare utbygging kjem sterkt i konflikt med friluftslivet, både det frivillige og det kommersielle i Vigdalen og i hovedelva i Jostedalen.

Sumverknad frå fleire utbyggingar i Jostedalen for vasstreng, landskap, fisk (viser til utfyllande opplysningar om dette tidlegare i fråsegna og i fråsegna for vestsiddeelvene), fugl og naturmangfald gjer at vi meiner søknaden bør avslåast.

Sakshandsamar hos oss er: Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv, elisabeth@fnf-nett.no
tlf.:480 20 532 / 57 65 69 46



Indre Nordfjord Turlag Midtre Nordfjord Turlag Ytre Nordfjord Turlag Keipen Turlag
Flora Turlag Indre Sunnfjord Turlag Luster Turlag Sogndal Turlag Lærdal Turlag
Vik Turlag Årdal Turlag Balestrand og Høyanger Turlag Ytre Sogn Turlag
Barnas Turlag Hyllestad Barnas Turlag Leikanger

Sogn og Fjordane Turlag



Med venleg helsing
Naturvernutvalet Sogn og Fjordane Turlag
Alvar Melvær
leiar



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Tlf. 57 72 06 14

E-post: sogturla@online.no

Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455